



Årsmelding Jotun Turn

2019





RSMELDING FOR IL Jotun turngruppe 2019

1. Styret sin samansetning

Leiar: Stian Bye 2019-2020
Nestleiar: Ingeborg Hjelle 2018-2019
Kasserar: Ruth Laberg 2018 – 2019
Styremedlem: Andre Laberg 2019-2020
Styremedlem: Silje Sylvarnes 2019-2020
Styremedlem: Annbjørg Lereng 2018-2019

2. Grupper – utval - komitear

Anleggskomite: Stian Bye og Ruth Laberg
Sportsleg utval: Leiar Sofie Moen, Veronica Hellebø, Kristin Strand og Marita Lindborg

3. Møter og tilstelningar

Antal Styremøte: 2
Antal møter i sportsleg utval: 4
Antal møter i anleggskomite: 14
Antal Inntekstsgjevande arrangement: Vår oppvisning, Juleoppvisning

4. Saker

Den aller viktigaste saka det har vore jobba med er basishall. Det går seint men godt framover. Det er mange avtalar som skal på plass før me kjem så lang at den kan realiserast. Årdal idrettsråd har laga anbefaling på at hallen skal ligga i Øvre i nær tilknytning til idrettsanlegg og vidaregåande skule.

5. Medlemstal

Totalt antal aktive: 103
Antal aktive mellom 5-12 år: 58
Antall aktive mellom 13-19 år: 17
Antall medlemmar mellom 19-25 år: 3
Antall medlemmar mellom over 25: 25

6. Utdanning

Tiril Stølen Moen og Karoline Molland har teke utdanning i frittstående. Ei helg i Haslehallen sommaren 2019.
Interne kurs i turngruppa.

7. Særforbund

Norges Gymnastikk og turnforbund

8. Økonomi:

Omsetning i gruppa: 214.620,-

Resultat 2019: -13.836,-

Budsjett 2019: kr. 9.400,-

9. Stemmer, konkurransar, rekordar

Deltok i NM i troppsgymnastikk i Drammen

Deltok på Barneturnstemne i Skavøypoll med ca 30 deltakarar.

Deltok på KM på Årdalstangen

Deltok med ungdomstroppen på Buskerudtrampetten

10. Mottekne midlar

Fordeling sponsor, LAM midlar og treningsavgift. Gåve frå Årdal Kjemiske fagforening.

11. Anlegg

Trenar i Agnitio hallen og Årdalshallen

12. Oppgåver i året som kjem

Jobbe med aktiviteten i gruppa. Eit spesielt fokus på breidden og redusere fråfallet.

Jobbe med anlegg slik at me får på plass ein fleirbrukshall.

13. Evt. Eksterne tillitsverv

Ruth Laberg: Valkomite i Sogn og Fjordane Gymnastikk og turnkrets.

Sofie Moen, troppsutvalet i nye Vestland turnkrets.

Ingeborg Hjelle sit i Sogn og Fjordane symjekrets

Rapport frå gruppene:

Jenter 2008 er ein fantastisk gjeng. Dei deltok på sitt fyrste KM i 2019 og reiste like godt og tok bronsemedalje. Dei tok defintivt publikumsprisen utifrå den gleda dei viste av eigen og andre sine prestasjonar.



Dei som var med var Andrea F Schultz, Emma Lunde, Karla Ene, Martine Kinserdal, Mathea Straumsheim Breivik, Mali Bye, Sara Øy Laberg, Asta Hunderi Hetle, Bertine Hellebø, Ella Berge Hestetun ! Desse jentene har hatt to treningar i veka , dei fleste var med på BTS og KM! På KM tok dei bronse i tumbling. Ein unik gjeng med jenter , som tek vare kvarandre.



Bak: Mali Bye, Ella Berge Hestetun, Andrea Fimland Schultz, Sarla Øy Laberg, Mathea Breivik;
Emma Lunde, Martine Kinserdal, Asta Hetle, Karla Ene og Bertine Hellebø.
Trenarar: Stian Bye, Veronica Hellebø, Brita Hetle, Tiril Stølen Moen og Karoline Molland.

Gutar 2007-2008-2009:



GUTAR 2007, 2008 OG 2009

Denne gjengen har sidan oppstarten i haust samla tre årskull med gutar på trening. Det har me tykt har vore veldig kjekt, både for oss trenarar, som blir eit større team, og for ungane som blir fleire på trening. Gutar 2007 og 2008 har allereie eit par år med turntrening bak seg medan 2009-gutane har starta i år. Dei har vore eit fint tilskot til gruppa. Samla sett er dette ei aktiv og artig gruppe med gutar som me trivst godt med å vere trenarar for

Me trenar kvar tysdag frå 17.30-18.30, og er vanlegvis mellom 10 og 15 på trening. Ein del søndagar får me også til trening i Årdalshallen der me kan ta fram stortrampen og air-flooren. Det er både moro og utviklande for gutane. Aktivitetsnivået er høgt på treningane og me jobbar hardt med å ha strukturerte og varierte treningar som er tilpassa den litt varierte treningsgruppa.

Alle gutane viser fin utvikling og me trenar på alt frå leikprega øvingar til grunnleggande basistrening og ikkje minst turntekniske øvingar. Gutane har generelt sett vore ivrigast på trampett der fleire no både skrur og har prøvd seg på dobbel salto, men i haust har dei også blitt ivrigare på tumblinggolvet. Dei jobbar på ulikt nivå frå rulle og hjul til arabar-baklengs salto eller flikk-flakk. Målet vårt er å kunne stille ein tropp til KM i mars 2020. I fjor var gutane med på KM på Tangen og gjorde ein flott figur der. Mange var også med på barneturstemnet i Måløy, der dei fekk både turna, vore sosiale på overnattingssskulen og ikkje minst dansa litt på diskoteket. Det blir spennande å sjå om dei er klare for nytt stemne i 2020.

Trenarar: Nina Jevnaker, Elin Haug, Iselin, Aina Heggø, Sofie Moen og Marianne Hestetun.

Jenter 2011-2012



Turn jenter 2011 og 2012

Me starta opp i haust med jenter fødd. 2011-12. Me trenar annakvar torsdag i dei vekene det ikkje er allidrett for 3.klasse. Det har vore mange ivrige turnarar, og me har hatt eit gjennomsnitt på 20-25 ungar kvar trening. Dei har blitt veldig flinke, og er svært lærevillige. Blir kjekt å fylje desse framover.

Ein del av desse jentene deltok på si fyrste framsyning, med juleoppvisninga 8.des. Me har ikkje noko anna bilete enn dette foreløpig.

2.kl.: Mia Hellebø, Evelyn M. Bøe, Hedda W. Steinsland, Hanne M. Låksrud, Ronja H. Furubotn, Julie Lindborg, Elisa M. Amundsen, Marlen M. Moen, Elida B. Luggenes, Anna O. Midtun, Tiril H. Rode, Ingeborg Styve Øren, Lykke F. Mathiesen, Aurora M. Lomheim, Astrid T. Fauske, Mie K. Nilsen, Alina F. Tikkanen, Elizabeth Kilen og Aurora Oline Jønsson.

3.kl.: Mathilde Morland, Andrea Svori, Eline F. Helle, Gabrielle C. Myrtveit, Hermine Heggstad, Ella Heggø, Emma E. Nesse, Anna Odland, Amalie M. Lomheim og Marie Nordgulen.

Ungdomstroppen:



Bildet er frå KM på Årdalstangen der dei henta inn mange edle medaljar.

Årsrapport ungdomstroppen

Ungdomstroppen har i 2019 bestått av rundt 15-20 gymnastar, fra årskull 2006 til seniorutøvarar.

Troppen er ein rein jentetropp som trenar mot eigne mål 3 gonger i veka, der to av treningane går føre seg i turnhallen og ein i Årdalshallen.

Gymnastane trenar på moment med høg vanskegrad, og basis- og styrketrening er derfor svært viktig for å unngå skadar og for vidare utvikling. Som eit resultat av at me nyttar gode oppvarmingar og basisøvingar kvar einaste trening, har me knapt hatt skadar i troppen. Dette fører igjen til at jentene kan jobba kontinuerlig mot sine mål, og får mykje ut av treningane.

Haut/vinter 2018 byrja me å leika med tanken om å prøva oss i kvalifisering til NM for junior i nasjonale klassar. Me var avgårde i 2018, og enda resultatmessig midt på lista og vart mange erfaringar rikare. Dette skulle visa seg å verte ein motivasjon i den kommande sesongen, for jentene ivra etter å prøve seg på nytt. Me trenarar såg at nivået vårt hadde heva seg sidan sist, og me melde oss på kvalifiseringa i Stavern.

Me turna ca. kl 10 i pulje 2 av 5, og havna langt opp på lista i tumblingklassen når poenga våre kom. Men vel vitande om at over halvparten av troppande ikkje hadde turna enda, så slo me oss til ro med ein svært god gjennomkøyring og tenkte nok innerst inne at å klara å holda oss innanfor dei 15 øverste plassane som kvalifiserar seg, var mykje å håpa på.

Men heile dagen vart me ventande i spenning, og tropp etter tropp havna bak oss på lista. Når klokka nærma seg 15, var det framleis ingen som hadde dytta oss utanfor 15. plass-grensa, men ein truande tropp fra Røros sto igjen. Me tviholdt hender på tribuna, men visste at dette var svært tøffe konkurrentar. Da dei endelege resultata kom, sto me som nr. 15 og var dermed kvalifiserte til norgesmesterskap som ein av dei 15 beste troppane i landet. Tårene trilla blant utøvarar og trenarar, og det var eigentleg heilt utenkeleg at den vetle Jotuntroppen på 9 jenter hadde hevda oss blant dei store norske laga.

Tida var kort til sjølve norgesmesterskapet, og tida heime brukte me på finpuss av seriar me allereie var trygge på. Nivået blant konkurrentane visste me var skyhøgt, så målet for konkurransen vart klart: heva stilkarakteren og ikkje kome sist blant dei 15 laga.

I mars reiste me til Drammen, og jentene leverte ein kanonsterk konkurranse. Med mykje nerver i spel, nådde me målet vårt - me klatra på lista og vart nr. 14 i vårt første NM. Historisk for Jotun, og første gong ein tropp frå fylket (Sogn og Fjordane) har kvalifisert seg i JR NM. Ei oppleving me alltid vil ha med oss, og ein fantastisk prestasjon av jentene.

I mars deltok me også på KM på Årdalstangen. Der henta me heim eit sølv i jr. mix trampett og heile 6 gull i dei resterande klassane i jr. kvinner og senior kvinner og mix.

I november deltok me på Buskerudtrampetten for første gong, ein stor konkurranse med mange lag. Her gjorde jentene nok ein gong ein sterk konkurranse, og endte med ein 5. plass i trampett og ein 10. plass i tumbling.

Takk !:

Tusen takk til hovedsponsorar og andre som bidreg med gåver slik at me kan ha ein så høg aktivitet i gruppa. Ei særskild takk til Årdal kjemiske fagforening som tilgodeser oss med støtte kvart år. Me ynskjer og å takke trenarane for at dei stiller opp veke etter veke for turnungane. Det er god rekruttering til gruppa, men det er plass til mange fleire. Ei spesiell tak til Tiril Moen Stølen, Karoline Molland og Ailin Hellebø for at dei brukar ungdommen sin til å vera instruktørar i gruppa vår !

Stian m Bye
Stian Bye, leiar

Ingeborg Hjelte
Ingeborg Hjelte, nestleiar

Annbjørg Lereng
Annbjørg Lereng, styremedlem

Ruth Laberg
Ruth Laberg, kasserar

Andre Laberg
Andre Laberg, styremedlem

Silje Rente Sylvarnes
Silje Sylvarnes, styremedlem